

MILJØRETТА HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

Fedje kommune

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/3747 - 19/14137

Saksbehandlar:

Grethe Elin Mjelde

grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:

07.05.2019

Fedje skule - Retting av avvik etter tilsynsrapport 2018

Miljøretta helsevern utførte tilsyn ved Fedje skule etter «Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v.» den 29.10.18.

Det var påpeikt 4 avvik og 6 merknadar. (Vår ref. 15/3747 – 18/33004). Vedtak om pålegg om retting vart sendt den 18.02.19, med frist for å rette avvik ev. leggje ei plan for å lukke avvik var satt til høvesvis 28.02.19 og 01.04.19. (Vår ref. 15/3747 – 19/4525).

Den 05.03.19 sendte Fedje kommune dokumentasjon på at avvik nr. 3 med frist 28.02.19 var retta. (Vår ref. 15/3747 – 19/7515).

Den 26.04.19 sendte Fedje kommune svar på vedtaket om pålegg om retting. Denne var datert 27.03.19 (Vår ref. 15/3747 – 19/13088).

Avvik påpeikt ved tilsyn 29.10.18:

- **Avvik 1: Skulen manglar godkjenning etter Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler**
Skulen jobbar med å oppfylle forskriftas krav, slik at skulen kan godkjennast etter forskrifta.
Det er laget ei plan for å lukke avvik. Avvik vil bli retta når forskriftas krav er oppfylt.
- **Avvik 2: Skulen er ikkje lagt til rette for personar med funksjonshemming**
Skulen har laget ei plan for korleis dei vil handtere og leggje til rette lokalane så snart det vert kjent at elev med funksjonshemming /spesielle behov skal begynne på skulen.
Avvik vil bli retta når behovet vert kjend. Skulen har laga ei plan.
- **Avvik 3: Tryggleiken på avsats (gelender) må utbetrast**
Gelender er utbetra.
Avvik er retta
- **Avvik 4: Skulen har ikkje tilfredsstillande inneklima.**

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 57 70
Telefaks +47 56 37 50 01

Kommunen har starta arbeid med å lage ein kostnadskalkyle, med tanke på å få ventilasjonssystem på skulen i løpet av neste økonomiperiode.

Avvik vil bli retta når ventilasjonssystem er montert og inneklime er tilfredsstillande.

Merknader påpeikt ved tilsyn 14.01.19:

Korrigerande tiltak er utført eller planlagt utført i nær framtid for merknader.

Angående merknad 4; Verksemda/skulen må oppdatere rutinar for kontroll av tryggleiken

Det minnst om at leikeplassutstyr må kontrollerast etter «Forskrift om sikkerhet ved leikeplassutstyr», og «Standarden» ; NS-EN 1176 del 1-7 og del 10-11 «Leikeplassutstyr og underlag».

Konklusjon

Avvik 3 er retta.

Avvik 1, 2 og 4 er planlagt retta (plan utarbeidd/kostnadskalkyler).

Når avvik 2 og 4 er retta må skulen/kommunen sende ny søknad om godkjenning etter forskrifta (§6), slik at avvik 1 vert lukka.

Søknadsskjema får ein på førespurnad hos miljøretta helsevern v/Grethe Elin Mjelde (mjge@lindas.kommune.no).

Korrigerande tiltak for merknader er utført/planlagt utført.
Vidare oppfølging av merkadar vil bli ettersett ved neste tilsyn.

Avvik er retta eller planlagt retta.

Tilsynssaka er avslutta.

Med helsing

Ernst Horgen
kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde
teknisk-hygienisk ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fedje skule
Linda Husa
Nils Moldøen
Åse Leivdal Kjølleberg